

**VURDERINGSGRUNNLAG FOR SEX OG POLITIKKS PARTITEST:
MDG'S SVAR PÅ SPØRSMÅL OM SRHR - STILT AV SEX OG POLITIKK**

1. Kor viktig er seksuell og reproduktiv helse og rettar (SRHR) som felt for å oppnå berekraftsmåla? Korleis vil ditt parti prioritere SRHR i norsk utanriks- og utviklingspolitikk i den kommande stortingsperioda, og kva konkrete forslag og mål ønskjer partiet å foreslå?

SRHR er kritisk viktig for å oppnå berekraftsmåla. Ikkje berre fordi universell tilgang i seg sjølv er eit «target» i mål 3 som handlar om helse, men fordi tilgang til grunnleggjande helsetenester, prevensjon, trygg abort m.m. er avgjerande for å kunne oppnå fleire av dei andre måla. Oppfølging av berekraftsmåla er heilt sentralt i MDG sin utviklings- og utanrikspolitikk. Me har difor foreslått på Stortinget å vidareutvikla indikatorane for berekraftig utvikling. MDG ønskjer ein global opptrappingsplan som gjeld heile FN-systemet og samarbeidande organisasjonar med innsats mot mødre- og barnedødelegheit. Ein annan faktor som bremser global utvikling, er HIV-epidemien. MDG støtter UNAIDS sin "Fast track"-strategi for å løysa dette. For å oppnå dette vil vi halde fast på den norske «bistandsprosenten». Sjølvråderetten over eigen kropp er eit omsyn som bør liggja som eit premiss for all politikk. Dette gjeld like mykje i t.d. utdannings- og helsepolitikk som i utanriks- og utviklingspolitikken. Sivilsamfunn og medier er sjølvsagte partnarar for å oppnå dette. I tillegg vil vi løyse marknadssvikten som gjer at det ikkje blir forska på sjukdommar som råkar fattige. Seksuelt overførbare sjukdommar råkar verdas fattigaste hardast m.a. grunna manglande tilgang til, og informasjon om, prevensjonsmidler og behandling. For eksempel kan behandling mot hepatitt C kosta mange hundre tusen kroner i året, og mange steder i det globale sør vil ikkje medisinane vera på marknaden ein gong.

2. Abortrettar er under angrep verda over. I mange land sit kvinner fengsla på grunn av at dei har gjennomført ein abort. Jenter som har blitt utsett for voldtekts må bere fram eit barn sjølv om kroppen ikkje er utvikla til å takle det. Utrygge abortar medførar 47.000 dødsfall kvart einaste år. Trump-administrasjonen sin "Global gag rule", at organisasjonar som mottek bistand frå USA ikkje kan informere om eller jobbe for trygg og lovleg abort sjølv om dei bruker eigne midler svekker arbeidet med å redusere svangerskapsrelatert dødelegheit, sjølvråderett over eigen kropp og å gjere abort til eit trygt og lovlig val. Korleis kan Norge i dagens kontekst bidra til arbeidet for trygg og lovleg abort? Kva for ei rolle kan og bør Norge spele i dette arbeidet?

Kvinner speler ei nøkkelrolle i global helse. Vi er tydelege på at kvinner sine rettar er under press, noko som må påverka alt vi gjer i utviklings- og utanrikspolitikk, m.a. i tråd med FN-fråsegn 1325. Norge kan bidra med dette perspektivet internasjonalt. Der kvinner kan få skulegang, Råderett over eigen kropp og trygg tilgang til relevante helsetenester går det også betre med landa. Norge bør gjera sitt beste for å kompensera for Trump-administrasjonen sin særskilt destruktive politikk og oppmoda fleire land til å gjera det same. Dette inkluderer ei opptrapping av støtta til, og samarbeidet med, organisasjonar som IPPF, SAAF og UNFPA. Det er også viktig at denne støtten blir langsiktig, då konskvensane av "The Mexico City Policy" også vil vera langvarige.

3. God seksualitetsundervisning kombinert med tilgang til prevensjon bidreg til å gi makt over eigen kropp, tryggleik til eigen seksualitet, hindrar spredning av infeksjonar og gir valfridom med tanke på graviditet og barn. 222 millioner kvinner og jenter verda over får ikkje dekka behovet sitt for moderne prevensjonsmiddel. Det neste året vil om lag 85 millionar bli uplanlagd gravid, og mange av desse må slutte i skulen på grunn av graviditeten. Korleis meiner ditt parti at seksualitetsundervisning og prevensjon bør inkluderast i norsk utviklingsarbeid?

Dette har litt sammenheng med svaret over: Vi bør vidareføra og trappa opp støtta til, og samarbeidet med, organisasjonar som har seksualundervising i sør blant sine kjerneoppgåver. SRHR bør også vera eit grunnleggjane fokus i bilateral bistand og bistand gjennom multilaterale organisasjonar. Alle kvinner skal ha tilgang til, og informasjon om, prevensjon og trygge abortar uansett kvar dei bur. Dette bør liggja like mykje til grunn for norsk bistand som for helsetilbodet i Kommunenorge.

4. Mange stader i verda risikerar ein sosial ekskludering og strafferettsleg forfølging på bakgrunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk. I mange land er det for eksempel ulovleg å ha sex med ein av samme kjønn eller å informere om homoseksualitet. I store delar av verda fører ekskludering frå arbeidsmarknaden kombinert med dårleg tilgong til helsehjelp at mange transpersonar har få eller ingen andre inntektsmogelegeheter enn å selge sex. Korleis prioriterar ditt parti bistand og utanrikspolitisk arbeid spesifikt retta inn på personar som opplever marginalisering eller diskriminering på grunnlag av seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk, og kva tiltak ser de for dykk?

Forbod mot å informera om homoseksualitet er særleg aktuelt i Russland og somme av landa i interessenfæren deira. Ved sida av å tilslutta seg, og støtta aktivt opp om, EU og Europarådet sine tiltak retta mot denne konkrete problemstillinga, bør Noreg særleg støtta sivilsamfunnsorganisasjonar og uavhengige medier som jobbar med dette lokalt. Noreg bør vera tydelege i sin kritikk av forboden, samt all anna diskriminering basert på kjønnsuttrykk og seksuell orientering så ofte som mogleg i diplomatisk kontakt med dei landa det gjeld.

Ekskludering av transpersonar frå arbeidsmarknaden er eit stort problem i Noreg også. For å kunne ha integritet i utanriks- og utviklingspolitikken på spørsmål knytta til diskriminering og marginalisering, er det kritisk viktig å ta tak i dette på heimebane. Komplekse problemstillingar let seg sjeldan løysa av einskilde tiltak. MDG ønskjer å føra ein normkritisk og feministisk politikk i alt vi gjer og anerkjenner eit stort rom for politikkutvikling på dette området. Vi meiner generelt at samarbeid med sivilsamfunnsaktørar som Sex og Politikk og SRHR-nettverket er vitalt både for utvikling og gjennomføring av ein føremålstenleg utanriks- og bistandspolitikk med effektive tiltak. MDG vil sikra gode og forutsigbare vilkår for sivilsamfunn i partnerland og her heime.